

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/1608-7

Regionale utviklingsmidlar 2016 - fordeling 4

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert sett av 700 000 kr til ONS 2018, der 620 000 kr gjeld arealleige eller tenestekjøp og overskytande er knytt til andre oppfølgingstiltak i eigen regi.
2. NIBIO får til saman 110 000 kr for åra 2017-2021 til prosjektet «*Effektiv utnytting av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel ved engdyrking*».
 - a. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at NFR gjer dei naudsynte vurderingane knytt til regelverk og statstøtte. Tilskotet frå fylkeskommunen skal ikkje bidra til å redusere nasjonal del av finansieringa. Vi føreset også at andre fylke (gjennom fylkeskommunar eller fylkesmenn) tek del i finansieringa.
3. Nordfjord Vekst AS får innvilga søknad om 100 000 kr til *Forprosjekt Ringverknader Stad skipstunnel*.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte følgjande midlar til å finansiere administrativ kapasitet innan kommuneretta næringsutvikling og nyskaping:
 - a. Avsette midlar i sak 56/14, kr 800 000.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere kr 550 000 som vart avsett til internasjonalt nettverksprosjekt i tertialrapport 1/2016.
6. Hoven Loen AS får innvilga ekstraløyving på 450 000 kr til stiprosjekt.
7. Midlar til ONS 2018 og ekstraløyvinga til Hoven Loen AS vert dekkja med disponible midlar i budsjett 2016.

Tilskota til NIBIO og Nordfjord Vekst AS vert finansiert med disponible midlar i budsjett 2016 under tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar.

Vedlegg:

1. Søknad frå NIBIO
2. Søknad frå Nordfjord Vekst AS.

1. Samandrag

Saka gjeld tildelingar av midlar frå næring og kultur sitt budsjett i regional utvikling. I denne saka vert søknader og løyvingar til fylgjande tiltak handsama:

- Fylkeskommunal fellestand ONS 2018
- Søknad frå NIBIO – prosjekt effektiv utnytting av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel ved engdyrking.
- Søknad frå Nordfjord Vekst AS – Forprosjekt Ringverknader Stad Skipstunnel.
- Kommuneretta næringsutvikling og nyskaping – vidare arbeid.
- Internasjonalt nettverksprosjekt – delfinansiering.
- Søknad frå Hoven Loen – ekstraløyving til stiprosjekt.

2. Fylkeskommunal fellestand ONS 2018

(Sakshandsamar: Audun Erik Gisle Sunde)

2.1 Bakgrunn

Offshoremessa ONS (Offshore Northern Seas) vert arrangert i Stavanger kvart andre år. Messa er rekna som den viktigaste for bransjen i vår del av verda. Tilsvarande messer finn ein i Aberdeen (Skottland) og i Houston (USA).

Sogn og Fjordane har vore representert med fylkesstand sidan 2004. Neste ONS finn stad 27 – 30 august 2018.

2.2 Nærare omtale

Saka gjeld fellespaviljong for fylket, der offshorerelaterte verksemder og organisasjonar i Sogn og Fjordane blir inviterte til å delta. Tidlegare har det vore tinga inntil 200 m² utstillingsareal. Det har då vore naudsynt å opne for eksterne selskap for å fylle arealet.

I 2016 vart arealet redusert. Fylkeskommunen fekk tilbod om 137,5 m² i hall 8. Dette er ein av dei mest sentrale hallane på ONS. Viktige utstillarar i denne hallen er til dømes Statoil, Olje- og energidepartementet, Oljedirektoratet og oljeselskapet Det Norske. Ved tinging innan 1. november har 2016-utstillarane opsjon på same areal i 2018. For å sikre tilsvarande sentrale plassering, har fylkeskommunen bestilt same areal for 2018. Dette kan seiast opp kostnadsfritt (registreringsgebyr på 7 800 kr vert ikkje refundert) fram til 1. oktober 2017.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom mange år samarbeidd med firmaet Struktur Messer & Display AS. I 2014 samarbeidde fylkeskommunen med Fantastiske Osberget etter å ha førespurt fleire aktuelle selskap. I 2016 vart tilretteleggingsjobben derimot gjort av Maritim Forening Sogn og Fjordane, som valde å samarbeide med Artwerk/Pixelwerk. Bidraget frå fylkeskommunen var i 2016 å betale for sjølve arealet, mens alle andre kostnadar vart betalt av utstillarane.

Opplegget i 2016 vart omtala slik (<http://www.sfj.no/sentralt-plassert-paa-ons.5901305-339465.html>) på våre heimesider. For første gong vart det også ytt noko støtte (administrativ løyving) til ei eiga fornybarutstilling.

2.3 Vurdering

Sogn og Fjordane har teke eit fellesløft på ONS sidan 2004. Tilbakemeldingane inneheld i all hovudsak ønskje om vidareføring. ONS er ei kostbar messe å delta på. Ved tinging av areal innan 30. september 2017 kostar innandørsarealet 4 450 kr per kvadratmeter, mens prisen for utandørsareal er 2 900 kr. Etter denne dato aukar prisane til høvesvis 5 100 og 3 350 kr per m². Prisane gjeld for «råtomt». Alle prisar er eksklusive mva, men då fylkeskommunen får mva-refusjon, er dette dei relevante summene.

Sogn og Fjordane har i forhold til mange andre fylke få og små bedrifter innan næringa. Å få til ei fellesprofilering av verksemdar frå fylket på ONS utan betydeleg grunnfinansiering synest lite realistisk.

Golvleige og registreringsgebyr utgjer 620 000 kr eksklusiv mva. I tillegg bør det settast av noko midlar til hotell (som er dyrt i Stavanger desse dagane) og reise for fylkeskommunale representantar.

Som det går fram ovanfor, så har det vore ulike modellar for fylkeskommunalt bidrag tidlegare. Kor vidt ein i 2018 skal vidareføre «2016-modellen», bør det være rom for å konkludere på seinare. Uavhengig av modell, bør det være slik at utstillarane stiller med finansielt bidrag minst på nivå med det offentlege bidraget.

2.4 Tiltråding

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere følgjande vedtak:

Det vert sett av 700 000 kroner til ONS 2018, der 620 000 kroner gjeld arealleige eller tenestekjøp og overskytande er knytt til andre oppfølgingstiltak i eigen regi. Tiltaket vert dekkja med disponible midlar over budsjett 2016.

3. Prosjekt effektiv utnytting av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel ved engdyrking (Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

3.1 Bakgrunn

3.1.1 Bakgrunn og innhald

Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) søkte 25. oktober om tilskot på til saman 110 000 kr. for åra 2017-2021 til prosjektet «Effektiv utnytting av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel ved engdyrking». NIBIO har søkt Norges Forskingsråd (NFR) om tilskot innanfor utlysinga forskingsmidlar for jordbruk og matindustri. Fylkeskommunen sitt tilskot er tenkt som regional eigendel til dette.

Administrasjonen fekk første søknad frå prosjektet 18. august. Søknadsfrist til NRF var 7. september, og NFR krev at søknadane er vedlagt stadfesting på prosjektfinansiering. Det var ikkje høve til å få saka politisk handsama innan søknadsfristen. Administrasjonen vurderte søknaden og skreiv eit brev der vi orienterte om kva som ville vere vår tilråding når søknaden blir handsama politisk. Vi sa vi ville innstille på ei løyving på kr. 110 000. NFR har ikkje gjort vedtak om tildeling enno. Endeleg vedtak frå hovudutval for plan og næring vil bli lagt til grunn når NFR gjer sitt vedtak.

3.1.2 Fråsegn frå andre

Fylkesmannen jobbar tettare på dette temaet i det daglege enn det fylkeskommunen gjer, og har brei fagkunnskap innan området. Det er difor naturleg å høyre korleis dei vurderer søknaden. NIBIO søkte også fylkesmannen om støtte til prosjektet. Fylkesmannen gjorde vedtak om å støtte prosjektet med kr. 110 000 og legg mellom anna vekt på at prosjektet er viktig sidan den største delen av verdiskapinga i landbruket er tufta på husdyrproduksjon der produksjonar av husdyrgjødsel er ein viktig innsatsfaktor for produksjon av grovfor.

3.1.3 Tilbakemelding frå administrasjonen til forskingsrådet

I brev til NIBIO datert 31.08.2016 orienterer vi om når saka kan handsamast politisk og skriv: *Vi vil kome med ei innstilling i saka der vi tilrår å sette av 110 000 kr. som skal fordelast på heile prosjektperioden. Vi meiner at prosjektet er relevant for Sogn og Fjordane og støttar oss på innstilling frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane som legg vekt på den store delen av verdiskapinga frå landbruket i fylket som er tufta på husdyrproduksjon. Vi legg også vekt på effektane som prosjektet kan ha i samband med reduksjon av klimautslepp. Prosjektet er også i tråd med verdiskapingsplanen for fylket som peikar på at det er viktig med lokal forskarkompetanse. gode*

forskningsprosjekt som kan medverke til å utvikle landbruket på Vestlandet, og vere eit bindeledd mellom ulike forskingsmiljø.

Vi tek atterhald om at eit fylkeskommunalt bidrag kan bidra inn i dei 20 prosentane av finansieringa som skal dekkast regionalt. Eit tilskot skal ikkje bidra til å redusere nasjonal del av finansieringa. Vi tek også atterhald om at andre fylkeskommunar tek del i finansieringa.

3.2 Nærare omtale

3.2.1 Kvifor prosjektet er aktuelt

Strukturelle endringar og auka ytingsnivå i norsk mjølkeproduksjon og anna husdyrhald har ført til auka konsentrasjon av husdyrgjødsel. Mengda av nitrogen og fosfor i sirkulasjonane har auka. Strukturelle føresetnader som liten lagerkapasitet og lange avstandar mellom hovudbruk og leigejord, og klimatiske føresetnader som våte haustar påverkar driftsmåten og utnyttinga av husdyrgjødsel. Endringar i føresetnadane medfører trong for ny forskingsinnsats for å sjå på utnytting og tap av nitrogen og fosfor, og verknaden dette har på avling og overvintring.

3.2.2 Prosjektinnhald

Prosjektet skal auke kunnskapsbasen kring handtering av husdyrgjødsel under norske forhold ved engdyrking gjennom å kvantifisere verknad på gasstap (ammoniakk, lystgass og metan) av behandling av husdyrgjødsel, dekke på husdyrgjødsellager og ulike spreingsmetodar i feltforsøk ved ulike spreingstidspunkt. Det skal utviklast strategiar for å redusere avrenning av nitrogen og fosfor og utvikle gjødselplanleggingsprogram som betrar utnyttinga av nitrogen og fosfor. Prosjektet skal også granske korleis teknologi, logistikklysingar, lagerkapasitet og spreietidspunkt påverkar lønsemd og nitrogen-effektivitet i grovfôrdyrkinga slik at gardbrukar har betre grunnlag for å gjere val.

Aktivitetar som inngår i prosjektet er mellom anna litteraturstudie, innsamling av data gjennom feltforsøk ulike stader i landet, modellering, utvikling av dataverkty, formidling og vitskapleg publisering.

3.2.3 Mål- og resultat

Hovudmål: Betre utnytting av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel for å redusere tap og auke grasavlingane.

Delmål:

1. Identifisere og kvantifisere tap av ammoniakk (NH₃) og klimagassar (N₂O, CH₄) frå lagring og spreing av husdyrgjødsel.
2. Utvikle strategiar for å redusere N- og P-avrenning frå utnytting av husdyrgjødsel.
3. Vidareutvikle verktoy for gjødselplanlegging for å auke utnyttinga av N-og P i husdyrgjødsel og teste verknaden av teknologi og tidspunkt for spreing og optimal bruk.
4. Identifisere strategiar og verknader av husdyrgjødsel på overvintring av eng i eit mildare og våtare klima.
5. Kvantifisere verknaden av "timing", teknologi og logistikk på lønsemd.
6. Formidle resultat til bønder, rådgjevingsteneste og offentleg forvaltning.

Målgruppene er bønder, rådgjevingstenesta, kommunal og regional forvaltning.

Resultat: Prosjektet vil auke kunnskapen om korleis ein betre kan utnytte og redusere tap av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel, slik at næringsstoffa betre kan komme til nytte for engvekstar. Effektar: Betre utnytting av næringsstoffa i husdyrgjødsel vil redusere behovet for handelsgjødsel i grovfôrdyrkinga. Det vil redusere avrenninga av nitrogen og fosfor og gjere husdyrproduksjon og grovfôrdyrking meir miljøvenleg. Det vil også redusere utsleppet av klimagassar og gjere landbruket meir klimavenleg.

3.2.4 Organisering

Prosjektet vert leia av Samson Øpstad ved NIBIO Fureneset. Prosjektet er delt i 6 arbeidspakkar med kvar sin leiar.

Prosjektet er eit samarbeid mellom NIBIO, Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU), Norsk landbruksrådgjeving (NLR), Svensk institutt for landbruks- og miljøteknikk (JTI) med støtte frå landbruksnæringa (Samarbeidsråd, TINE, FKRA, FKAgri, Nortura) og landbrukstilknytte verksemder (Agromiljø, Reime, Moi, Fatland, Q meieriet) og frå regionalt nivå.

3.2.5 Budsjett- og finansieringsplan

Vi gjer merksam på at det er tenkt finansiering frå 9 fylkesmenn, og denne summen ligg nok under private midlar i finansieringsplanen. Elles er også støtte frå organisasjonar sett opp under private midlar.

Kostnadsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Andre kostnader	210 000	390 000	365 000	300 000	145 000	1 410 000
Løn og sosial utgifter				1 275 000		
Bioforsk	1 105 000	1 315 000	1 225 000		820 000	5 740 000
Løn og sosiale utgifter andre (FoU-tenester)	600 000	635 000	805 000	755 000	585 000	3 380 000
Utstyr	105 000	115 000	100 000			320 000
Sum kostnad	2 020 000	2 455 000	2 495 000	2 330 000	1 550 000	10 850 000

Finansieringsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Andre fylkeskommunar	58 000	58 000	58 000	58 000	58 000	290 000
NFR; Forskningsmidlar for jordbr	1 511 000	1 956 000	1 996 000	1 831 000	1 306 000	8 600 000
Sum private midlar	429 000	419 000	419 000	419 000	164 000	1 850 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	22 000	22 000	22 000	22 000	22 000	110 000
Sum finansiering	2 020 000	2 455 000	2 495 000	2 330 000	1 550 000	10 850 000

3.3 Vurdering

Fylkesdirektøren har tidlegare vurdert ei skisse til søknad og vore positivt innstilt til den. Vi meiner prosjektet er relevant for Sogn og Fjordane både med omsyn til effekten dette kan ha for næringa, og effektane prosjektet kan ha i samband med klimautslepp. Vi legg og vekt på at fylkesmannen med sin fagkunnskap meiner det er eit godt prosjekt.

Ein stor del av verdiskapinga frå landbruket i Sogn og Fjordane kjem frå husdyrproduksjon. Heile 98% av arealet vert nytta til grovforproduksjon. Det er viktig å nytte denne ressursen best mogleg. Prosjektet er også i tråd med verdiskapingsplanen for fylket som peikar på at det er viktig med lokal forskarkompetanse, gode forskingsprosjekt som kan medverke til å utvikle landbruket på Vestlandet, og å vere eit bindeledd mellom ulike forskingsmiljø. Sjølv om det er mange aktørar med i dette prosjektet vert det leia frå NIBIO på Fureneset. Fylkeskommunen har tidlegare lagt stor vekt på å støtte opp om dette miljøet.

Vi legg også vekt på effektane som prosjektet kan ha i samband med reduksjon av klimautslepp. Fylkesdelplan for klima og miljø slår fast at Sogn og Fjordane gjennom å satse på tiltak som er mest effektive for landbruket i dette fylket skal vere ein aktiv medspelar for å nå nasjonale mål for reduksjon av klimagassutslepp.

Utslepp av lystgass N₂O frå jordbruket er knytt til mellom anna drift av jordbruksareala, spreining av mineralgjødsel og husdyrgjødsel, nedbryting av restavlingar og dyrking av myrområde. Det er stor usikkerheit omkring mengda av desse utsleppa og kva tiltak som er mest effektive. Lystgass inneheld nitrogen. Det er derfor eit aktuelt tiltak å redusere tilførselen av nitrogen i kombinasjon med redusert nitrogentap i sjølve jordbruksdrifta.

Regelverket til NFR seier at 20 prosent av finansieringa kan dekkast regionalt. Vi tek atterhald om at fylkeskommunal medverknad bidreg inn i desse 20 prosentane av finansieringa. Tilskotet skal ikkje bidra til å redusere nasjonal del av finansieringa. Fylkeskommunen sin støtte er ein svært liten del av det totale budsjettet. Vi føreset at NFR som hovudfinansieringskjelde og ekspert på FoU-finansiering gjer dei naudsynte vurderingane knytt til regelverk og statstøtte. Vi bør også ta atterhald om at andre fylker tek del i finansieringa.

Det er relativt små summar det er søkt fylkeskommunen om, samstundes er det søkt om små summar også frå andre partar, som til dømes andre fylke og fylkeskommunar. Fylkesdirektøren meiner det er lite hensiktsmessig med finansiering både frå fylkeskommunen og fylkesmannen på slike prosjekt. Sidan vi meiner dette er eit godt prosjekt, og vi hadde svært kort tid før vi måtte gje ei tilbakemelding på vår innstilling har dette ikkje blitt problematisert når det gjeld denne søknaden. Vi ser at det har vore fleire tilfelle av slik samfinansiering tidlegare og fylkesdirektøren ynskjer å sjå på dette før handsaming av eventuelt nye slike søknader.

3.4 Konklusjon og tilråding

Vi rår til at hovudutval for næring og kultur støttar NIBIO med til saman 110 000 kr. for åra 2017-2021 til prosjektet «Effektiv utnytting av nitrogen og fosfor i husdyrgjødsel ved engdyrking».

Vi føreset at NFR gjer dei naudsynte vurderingane knytt til regelverk og statstøtte. Vi tek atterhald om at eit fylkeskommunalt bidrag kan bidra inn i dei 20 prosentane av finansieringa som skal dekkast regionalt. Eit tilskot skal ikkje bidra til å redusere nasjonal del av finansieringa. Vi tek også atterhald om at andre fylker (gjennom fylkeskommunar eller fylkesmenn) tek del i finansieringa.

Tilskotet vert finansiert med disponible midlar i budsjett 2016 under tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar.

4. Forprosjekt Ringverknader Stad skipstunnel

(Sakshandsamar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar)

4.1 Bakgrunn

Nordfjord Vekst AS er det regionale næringsutviklingsselskapet for kommunane Vågsøy, Selje og Eid. Forprosjektet ringverknader Stad skipstunnel vil gå parallelt med prosjektet Stad skipstunnel. Dette prosjektet vil ha fokus på å kartlegge ringverknadene skipstunnelen vil skape i regionen. Mellom anna vil prosjektet fokusere på ringverknader innanfor reiseliv. Til prosjektet søker dei om 100 000 kr i støtte.

4.1.1 Bakgrunn og innhald

Stad skipstunnel blir verdens første skipstunnel. Nordfjord Vekst arbeider med realisering av Stad skipstunnel og synergiane som skipstunnelen vil gi. Dei har var vore involverte i arbeidet med innspel til kystverket om bruk av steinmassane frå Stad skipstunnel. Her har Nordfjord Vekst samarbeidd med den politiske og administrative leiinga i kommunane Selje, Vanylven og Vågsøy, i tillegg til utviklingsselskapet i Vanylven, Vanylven utvikling, og synergigruppene for Stad skipstunnel.

Med bakgrunn i det arbeidet som er lagt ned, har Nordfjord Vekst peikt ut følgande mål og rammer for forprosjektet

- Kartlegge mulighetsrom for næringslivet i regionen, primært innanfor reiseliv, både i planleggingsfasen, under anleggsfasen, og i etterkant av opninga.
- Identifisere og bidra til å utvikle "fyrtårn" innanfor reiseliv i regionen. Utarbeide konkret plan med tiltak for å bidra til å sikre Stad skipstunnel som mål, både regionalt og nasjonalt
- Skape lokalt og regionalt engasjement rundt reiseliv med tilknytning til Stad skipstunnel
- Gjennomføre en workshop med fokus på reiseliv knytt til Stad skipstunnel
- Kartlegge andre synergjar knytt til Stad skipstunnel

Målgruppene for prosjektet er det lokale næringslivet, reiselivsnæringa, kommunane og innbyggerane langs kysten.

4.2 Økonomi

Budsjettpost	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Diverse	5 000	5 000				10 000
Konferanse og arrangement	40 000	10 000				50 000
Markedsføring	25 000	15 000				40 000
Prosjektledelse og innleid arbeidskraft	90 000	90 000				180 000
Reise og møteutgifter	10 000	10 000				20 000
SUM kostnader	170 000	130 000				300 000

Finansieringspost	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	100 000					100 000
Egne Timer	55 000	45 000				100 000
Tilskudd kommunalt næringsfond til workshop	100 000					100 000
SUM finansiering	255 000	45 000				300 000

4.3 Vurdering

I forbindelse med skipstunnellen på Stadt er det eit godt tiltak å løfte fram kva moglegheiter denne tunnellen vil skape. Dersom ein kan skape nye næringar og attraksjonar rundt skipstunnellen er det viktig at moglegheitene blir kartlagt og synleggjort. Tunellen er nyskapande og ein veit ikkje noko om kva ringvirkningar den kan skape. Prosjektet er godt forankra i regionen og det kan skape ringverknader i fleire kommunar enn vertskommunen. Satsinga stemmer også overeins med verdiskapingsplanen til fylkeskommunen.

4.4 Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Nordfjord Vekst AS med 100 000 kr til *Forprosjekt Ringverknader Stad skipstunnel*. Tilskotet vert finansiert med disponible midlar i budsjett 2016 under tenestekområde 7012 – Bransjeretta satsingar.

5. Kommuneretta næringsutvikling og nyskaping – vidare arbeid

(Sakshandsamar: Endre Høgalmen)

5.1 Bakgrunn

Vi har dei seinare åra gjort ein ekstra innsats i samband med kommuneretta næringsutvikling. Dette arbeidet femnar om tiltak som skal gjere kommunar og næringssselskapa betre rusta til å hjelpe etablerarar og mindre bedrifter. Vi arbeider også med å setje i verk plantema nyskaping i verdiskapingsplanen. Vi legg her opp til å finansiere administrativ kapasitet som dels skal vidareføre og dels skal intensivere denne verksemda.

5.2 Nærmare omtale

Fylkeskommunen har eit samarbeid med Innovasjon Norge, kommunar, næringssselskap kommuneretta næringsutvikling som m.a. femnar om følgjande

- Kurs og samlingar som legg til rette for kompetanseutvikling, læring og samordning av innsatsen
- Samordna informasjonsutveksling, m.a. gjennom nettstaden www.driftig.no
- Felles tilbod med etableraropplæring, som både femnar om grunnleggande etablerarkurs og tilleggskurs

Vi arbeider med iverksetjing av plantema nyskaping i verdiskapingsplanen. Dette er eit vidtfemnande område om femnar om meir enn kommuneretta næringsutvikling. Døme er innsats innan leverandørutvikling, innkjøpsstrategi, tilgang til risikovillig eigenkapital og korleis ein skal hjelpe fram nye næringar.

Grunnbemanninga innan tradisjonell næringsutvikling er låg, og vi har gjort oss avhengige av ekstra tiltaksmidlar for å drive det ovannemnde arbeidet. Vi har i tillegg eit ønske om å trappe opp arbeidet med oppfølging av plantema nyskaping.

5.3 Vurderingar

Arbeidet med kommuneretta næringsutvikling vart evaluert i 2015. Det vart her synt til så gode erfaringar at vi såg det som viktig å vidareføre dette arbeidet. Vi er i gang med å setje i verk deler av arbeidet innan plantema nyskaping, men er avhengige av arbeidskraft for å intensivere dette arbeidet. Vi ser her følgjeleg på korleis vi skal få finansiert denne innsatsen.

Dåverande hovudutval for plan og næring gjore følgjande vedtak i sak 11/15:

«Avsette midlar i sak 56/14 (kr 800 000) vert ståande disponible for nye tiltak innan plantema nyskaping, og disponert av hovudutval for plan og næring.»

Vi ber no om at desse midlane kan disponerast til å finansiere administrativ kapasitet innan området.

I budsjettet til næring og kultur for 2016 er det midlar som også kan nyttast til administrativ innsats, under teneste 7015 Nyskaping. Her har fylkesdirektøren allereie fullmakt til å nytte av desse midlane, og vi tenkjer å nytte litt av desse midlane til dei skisserte oppgåvene.

Ei god oppfølging innan kommuneretta næringsutvikling og nyskaping krev først og fremst arbeidskraft til å få gjennomført det vi ynskjer. Fylkesdirektøren ser det som viktig å sikre administrativ kapasitet til å ha god framdrift i det som vi skal gjennomføre.

5.4 Tiltråding

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte følgjande midlar til å finansiere administrativ kapasitet innan kommuneretta næringsutvikling og nyskaping: avsette midlar i sak 56/14, kr 800 000.

6. Sogn og Fjordane fylkeskommune leiar internasjonalt

nettverksprosjekt – delfinansiering. (Sakshandsamar: Lars Hustveit)

6.1 Bakgrunn - Eit Interreg Europe prosjekt

Interreg Europe har i denne perioden som hovudsiktemål å forbetre regionale styresmakter si evne til å gjennomføre planar. Effekten av dei økonomiske utviklingsfonda skal forsterkast ved at partnarane i utviklingsarbeid arbeider smartare.

Sogn og Fjordane sitt initiativ har tittel "Policies to improve rural areas' innovation systems by professionalising networking activities and use of innovation tools". Prosjektet varer i 4,5 år og har partnarar frå Mellomste Østerbotten i Finland, Burgos i Spania, Heart of Slovenia, Milano i Italia (som arbeider med dalføret Val Camonica) og Primorje Gorski Kotar frå Kroatia. Alle partnarane arbeider med nyskaping i distriktssamfunn.

For meir informasjon om Interreg Europe: <http://www.interregeurope.eu/>

6.2 Nærare omtale

Nytteverdien

Prosjektet vårt handlar om kunnskapsdeling som grunnlag for nyskaping. Høgskular og universitet, bedrifter og det offentlege verkemiddelapparatet må arbeide godt saman. Evna til slikt samarbeid vert stadig viktigare etter kvart som produksjon og produkt vert meir og meir kunnskapsintensive. Skal vi bygge eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane, må vi bli gode

arenabyggarar. Ny teknologi for samarbeid over avstand og den yngre generasjonen sine røynsler med å arbeide i nettverk, må nyttast som grunnlag for nytenking og omstilling. Derfor er prosjektet utvikla.

Partnerane vil arbeide med kreative og kunnskapsintensive næringar. I Sogn og Fjordane er derfor næringshagane og inkubatorane og tilsvarande nettverk viktige medspelarar i arbeidet. Testfasilitetane som vert utvikla ved Tech Yard i Førde er god praksis som vi vil vise fram.

Gjennom Interreg Europe-prosjektet får vi impulsar ved å studere røynsler i andre utkantsamfunn. Partnerane er samde om at vi ikkje skal kopiere modellar utvikla i dei store universitetsbyane. Vi snakkar difor ikkje om «klynger». Vi snakkar om innovasjonsnettverk i distriktssamfunn. Verkemiddelapparatet må bli gode i vår rolle; som ressurspersonar for å initiere, utvikle og omstille kommersielt retta nettverk.

4 trinn i eit Interreg Europe prosjekt

- Kvar partner kartlegg og dokumenterer god praksis hos seg, slik at dei andre kan lære.
- Vi besøker kvarandre; ser på gode løysingar og diskuterer føresetnader for å overføre lærdom.
- Kvar partner lagar sin plan for å ta i bruk det vi har lært. I fellesskap vil vi lage ei verktøykasse for innovasjonsnettverk i utkantsamfunn.
- Partnerane brukar dei to siste åra til kvar for seg å setje ut i livet dei forbetringstiltaka dei i samarbeid har komme fram til.

Læring på europeisk nivå

Interreg Europe organiserer læringsarenaer mellom anna innan temaet innovasjon og forskning der vårt prosjekt høyrer heime. Sogn og Fjordane får som prosjektansvarleg invitasjon til å delta på denne lærearenaen. Vi lærer ikkje berre gjennom vårt prosjekt, men også saman med andre prosjektmiljø og europeiske ekspertar.

Læring i Sogn og Fjordane

Det vert etablert ei interessentgruppe i Sogn og Fjordane der mellom anna SIVA, inkubatorar og næringshagar deltek saman med forskingsmiljø og verkemiddelapparatet.

Status

Den 6. oktober fekk vi positivt vedtak med visse vilkår om delfinansiering gjennom Interreg Europa. Fylkeskommunen forhandlar for tida desse vilkåra med frist 2. desember. Partane reknar med at vi vert samde. Prosjektet skal starte 1/1 2017.

6.3 Vurdering, finansiering og framlegg til vedtak

Endeleg projektkalkyle og finansieringsplan er ikkje klar sidan vi framleis er i ein forhandlingssituasjon.

- I søknaden var totalalkylen: 1.375.873 €
- I søknaden var aktiviteten i Sogn og Fjordane kalkulert til 377.833 €
- Tilskot frå Interreg Europe til ein norske partnerar er 50%
- Fylkeskommunen si delfinansiering er både arbeidsinnsats og kontantar
- Trong for midlar på dette tidspunktet vurdert til kr 550 000 for heile 4,5 års perioden
 - Desse midlane vart løyvde i samband med tertialrapport 1/16

Prosjektet er forankra i verdiskapingsplanen, satsingsområdet kunnskap.

(Sjå: <http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/5-kunnskap/5-3-hovudaktivitet-med-milepaelar/5-3-3-utviklingsarbeid-5-ambisjonar-fram-til-2018/>)

Fylkesdirektøren vil bruke prosjektet til å styrke rolla vår som arenabyggar. Det er stor aktivitet på europeisk nivå for å utvikle konkurransekraft gjennom evne til å arbeide effektivt med nyskaping. Sogn og Fjordane har levert ein søknad som har fått god vurdering.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei kr 550 000 som vart avsett i tertialrapport 1/16. Midlane ligg under tenesteområde 7015 – Nyskaping.

7. Søknad om ekstraløyving til Hoven Loen

(Sakshandsamar: Mats Hoel Johannessen)

7.1 Bakgrunn

Hoven Loen søker om 450 000 kr i støtte til gjennomføring av deira stiprosjekt. Hoven Loen prosjektet vart tildelt 350 000 kr av dei 800 000 søkte midlane i årets utlysing av infrastrukturmidlar til reiselivet.

7.1.1 Historikk

Samla tildeling av midlar i perioden 2014-16 har vore på 1 300 000 til arbeid knytt til Hoven Loen sitt stiprosjekt.

7.2 Nærare omtale

Midlane ein søker om er ein del av eit større prosjekt til 250 millionar. Hovudprosjektet som er ein av dei større satsingane i Norge dei siste 10 åra er finansiert med 50% eigenkapital. Det meste av eigenkapitalen er lokal, og prosjektet vil bli ein faktor som gir reiselivet i ein stor region meir fart. Suksessen i hovudprosjektet er avhengig av utvikling av mjuke aktivitetar til opninga, og til dette finst det ikkje nok midlar. Pendelbana vil sjølv generere inntekter til stiar og skilting i framtida, der er tenkt sett av 15 kr av kvar billett til utvikling av stiar og anna infrastruktur i terrenget.

I forlenginga av Hoven Loen prosjektet skal ein utvikle og etablere ei rekkje naturbaserte opplevingar og aktivitetar. Ein har ei klar målsetting om at produkta skal vere unike i sitt slag, tilgjengelege i marknaden, brukarvenlege og overgå forventningane. Prosjektet satsar på utvikling av naturbaserte opplevingar, vandring, sykling, toppturar, oppleving på bre, klatring, Via Ferrata, samt ei rekkje andre produkt. Først vil ein leggje til rette for vandring, ettersom det er mest etterspurt innan naturbaserte aktivitetar. Dette skal settast saman med lokal historie, kultur og matopplevingar. For å nå ei slik målsetjing må ein utvikle nokre utvalde produktområde, som nyttar dei naturgitte kvalitetane ein har, og drive investeringar i eit langsiktig perspektiv i infrastruktur, produkt og kompetanse. Dette vil gjere regionen til eit område for aktive ferierande, og ein naturleg baseferiedestinasjon.

Vandrenettverket ein skal utvikle vil ha stor variasjon i vanskegrad og opplevingar. Stiane skal graderast opp, byggast og merkast etter den nasjonale standarden (jfr. merkehandboka). Stisystemet vil gå i høg fjell, i skogskledde lier, inn om tradisjonelle stølar og ha utsikt mot Jostedalsbreen nasjonalpark, Sunnmørsalpane, Skåla, Nordfjorden, med meir. Med 70 kilometer etablerte og potensielle vandreruter vil ein ikkje klare å etablere alt til opning av bana i 2017. Difor vil ein konsentrere seg om dei turstiane som har størst potensiale, og etablere eit lågterskeltilbod som alle kan gjere seg nytte av. Dette gjeld både tilreisande og fastbuande. Prosjektet som består av pendelbane, fjord- og fjellbygg og tilhøyrande sti- og løypenett skal vere klar til å startast opp våren 2017

7.2.1 Budsjett og finansiering

Finansieringsplanen vart levert i søknaden på årets infrastrukturmidlar.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Eigenkapital til tiltak som skal utførast i 2017	2 200 000					2 200 000
Infrastrukturmidlar i reiselivet - utlysing 2016	800 000					800 000
Sum finansiering	3 000 000					3 000 000

7.3 Vurdering

Grunna manglande midlar hadde ikkje fylkeskommunen høve til å innfri heile summen som Hoven Loen søkte om i årets tideling av infrastrukturmidlar for reiselivet. Prosjektet er ambisiøst, og vurdert som eit av fyrtårna innan reiseliv i Sogn og Fjordane. Sidan etablering har dei vist stødig framgang i arbeidet. Satsinga er og ein av dei større på nasjonalt nivå innanfor reiselivet. Pendelbana med tilhøyrande løypenett vil gje eit nyskapande løft innan segmentet vandring, som er ei satsing for heile regionen. Produktet på toppen er avgjerande for om prosjektet blir den suksessen som dei har potensiale til. Etter at bana er i drift, skal 15 kr av kvar billett skal gå til vidare utvikling av infrastrukturen. Med 50.000 passasjerar er det kr. 750.000 i året. Fylkeskommunen har støtta prosjektet Hoven Loen sidan dei vart starta opp. Prosjektet vil få auka merksemd dei neste åra. Hoven Loen AS har og vore flinke til å kommunisere fylkeskommunen si rolle i prosjektet under denne tida.

7.4 Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte søknaden frå Hoven Loen AS med kr. 450 000 til stiprosjekt.